



Budsjett 2024
stabsområdet
Helse Førde HF

Innholdsliste

1	Samandrag	3
2	Status omstilling	3
3	Budsjett per avdeling	4
	3.1 Budsjett teknisk område.....	4
	3.2 Stabsområde – samla.....	6
	3.3 Støtte	Feil! Bokmerke er ikke definert.
	3.4 Fag og utviklingsavdeling.....	9
	3.5 HR-avdeling.....	10
	3.6 Økonomiavdeling.....	12
4	Bemanningsplan 2024.....	14
5	Budsjettprosess.....	14

1 Samandrag

Stabsområdet legg til grunn ei brutto budsjetttramme på 403,1 millionar kroner i 2023.

Budsjettekniske føresetnader

Utarbeidd prognose for 2023 er utgangspunktet for budsjettarbeidet. Endringar i drifta i 2023 er difor innarbeidd i budsjettdokumentet. Større endringar frå budsjett 2023 til budsjett 2024, er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

Føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt til grunn ved prisjustering.

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod, samt alle leiarane i stabsområde vore involvert. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet og samarbeidet har fungert godt i arbeidet med budsjettet. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har administrerande direktør kome fram til framlegg til budsjetttramme for 2024. Bruttokostnader er 403,1 millionar kroner. Endringane kjem fram slik:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-0
Inntekter prisjustering	-147
Lønnsjustering inkludert pensjon	8 293
Kostnader prisjustering	8 903
Basistilskot	-33 735
Sum prisendringar	-16 539
Helse Vest IKT	17 544
Krav til innsparing 2024	-728
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-130
Sum netto kostnader	-

2 Status omstilling

Målet er å drive effektive støttetjenester for at mest mogeleg av tilgjengelege ressursar skal gå til kjerneverksemda i føretaket. Effektivitetsmål må balanserast opp mot tenestene som stabsområdet skal levere, arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m. Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i stabsområde gjennom lengre tid.

3 Budsjett per avdeling

3.1 Budsjetteknisk område

Budsjett teknisk	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
ISF inntekter	-36 098	-33 686	-29 000	-30 212	4 686	-1 212	-13,9 %
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-30 688	-32 109	-32 109	-32 815	-	-706	0,0 %
Gjestepasientar	-1 914	-	-	-	-	-	0,0 %
Basistilskudd	-245 524	-243 239	-244 026	-230 274	-787	13 752	0,3 %
Øyremarka midlar	-40 559	-13 943	-	-	13 943	-	0,0 %
Andre inntekter	-6 517	-	-	-	-	-	0,0 %
Sum driftsinntekter	-361 300	-322 977	-305 135	-293 301	17 842	11 834	-5,5 %
Varekostnader	94 686	137 494	108 430	112 968	-29 064	4 538	-21,1 %
Løn og personalkostnader	1 030	13 920	14 000	14 000	80	-	0,6 %
Andre driftskostnader	-20 075	31 662	3 829	9 766	-27 834	5 937	-87,9 %
Avskrivning og nedskrivning	98 315	101 000	123 000	123 000	22 000	-	21,8 %
Sum driftskostnader	173 956	284 077	249 259	259 734	-34 818	10 475	-12,3 %
Finans og renteinntekter	-3 450	-2 325	-3 276	-3 276	-951	-	40,9 %
Finans og rentekostnader	7 211	21 225	38 843	38 843	17 618	-	83,0 %
Finansresultat	3 761	18 900	35 567	35 567	16 667	-	
Sum	-183 583	-20 000	-20 309	2 000	-309	22 309	

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Resultat budsjett 2023 - Helse Førde	-20 000
Inntekter prisjustering	-1 918
Kostnader prisjustering	10 475
Basistilskot	13 752
Sum prisendringar	22 309
ISF inntekter	4 686
Basistilskot	-787
Øyremarka midlar	13 943
Kjøp av helsetenester og medikament	-29 064
Løn og personalkostnader	80
Endring øvrige kostnader	-27 834
Avskrivningar	22 000
Auke i renteinntekter	-951
Auke i rentekostnader	17 618
Endring som følge av andre vedtak og hendingar i 2023	-0
Resultat budsjett 2024 - Helse Førde	2 000

Budsjetteknisk område budsjetterer for basisramme, resultatbasert finansiering, avskrivningar, finanskostnader, intern husleige, overgrepsmottaket, pasienttransport og gjestepasientkostnader for Helse Førde.

Inntektene utover basisramme er knytt til gjestepasientar og resultatbasert finansiering. Basisramma vert fordelt ut til alle resultateneingane i Helse Førde, slik at det vert budsjettert med eit nullresultat på alle einingar/avdelingar/klinikkar. Det overordna resultatet til Helse Førde kjem såleis til uttrykk på budsjetteknisk. Det er budsjettert med eit negativt resultat på to millionar i 2024.

Kostnader er knytt til gjestepasientkostnader, pasienttransportkostnader, internhusleige, samt avskrivningar og finanskostnader. Det er budsjettert med auke av finanskostnadene som følgje av høgare gjeld og auka rentesats. I tillegg vert avskrivningane vesentleg auka som følgje av aktivering av Nye Førde sjukehus, Livabygget. Utover prisstiging er det ikkje venta auka kostnader til pasienttransport i 2024. Internhusleige er uendra.

Ei endring frå tidlegare budsjett er at området i 2024 har låge reservar. Tidlegare har område hatt noko romsleg budsjett, for å kunne balansere eventuelle negative overraskingar gjennom året.

3.2 Stabsområdet – samla

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-0
Inntekter prisjustering	-147
Lønnsjustering inkludert pensjon	8 293
Kostnader prisjustering	8 903
Basistilskot	-33 735
Sum prisendringar	-16 539
Helse Vest IKT	17 544
Krav til innsparing 2024	-728
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-130
Sum netto kostnader	-

Stabsområde	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-1 239	-1 141	-1 150	-1 199	-9	-49	0,8 %
Basistilskot	-336 500	-362 233	-362 233	-395 968	-	-33 735	0,0 %
Øyremarka midlar	-2 687	-1 750	-1 750	-1 750	-	-	0,0 %
Andre inntekter	-9 135	-5 732	-4 154	-4 252	1 578	-98	-27,5 %
Sum driftsinntekter	-349 562	-370 856	-369 287	-403 169	1 568	-33 882	-0,4 %
Varekostnader	26	950	1 030	1 056	79	26	8,4 %
Løn til fast tilsette og vikarar	93 158	100 071	102 242	107 251	2 171	5 010	2,2 %
Variable tillegg og overtid	2 863	2 538	2 114	2 218	-424	104	-16,7 %
Feriepengar og sosiale kostnader	46 982	50 223	49 337	52 182	-886	2 845	-1,8 %
Refusjonar løn	-4 745	-1 514	-4 332	-4 544	-2 818	-212	186,1 %
Innleige av personell	2 023	1 482	1 262	1 324	-220	62	-14,8 %
Diverse personalkostnad	8 072	7 922	8 053	8 423	131	370	1,7 %
Reisekostnader	3 747	3 713	3 967	4 082	254	115	6,8 %
Sum løn og personalkostnader	152 100	164 434	162 642	170 936	-1 791	8 293	-1,1 %
Andre driftskostnader	187 757	205 382	222 228	231 105	16 846	8 877	8,2 %
Sum driftskostnader	339 884	370 766	385 900	403 096	15 134	17 196	4,1 %
Sum finans	80	90	73	73	-17	-	-18,9 %
Sum	-9 598	-0	16 686	-0	16 686	-16 686	

Budsjettframlegg for avdelingane i stabsområde:

Tal utan basisramme:

Stabsområde pr. avdeling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
FAG OG UTVIKLINGS-AVDELING	60 959	63 524	63 684	67 177	160	3 494	0,3 %
HR-AVDELING MED PASJENTREISER	43 534	45 467	45 643	48 234	176	2 591	0,4 %
STØTTE	188 081	213 245	229 594	238 502	16 349	8 909	7,7 %
ØKONOMIAVDELING	34 329	39 998	39 998	42 054	1	2 055	0,0 %
Sum	326 902	362 233	378 919	395 968	16 686	17 050	4,6 %

Budsjettframlegget til stabsområdet syner ein auke på 16,7 millionar i høve budsjett for 2023, kostnader er prisjustert med 17,0 millionar.

3.3 Støtte

Støtte	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-193 312	-213 245	-213 245	-238 502	-	-25 258	100,0 %
Andre inntekter	-15	-	-	-	-	-	0,0 %
Sum driftsinntekter	-193 327	-213 245	-213 245	-238 502	-	-25 258	100,0 %
Varekostnader	9	-	-	-	-	-	0,0 %
Løn til fast tilsette og vikarar	11 068	14 794	13 121	13 764	-1 673	643	-11,3 %
Variable tillegg og overtid	403	76	98	103	22	5	28,8 %
Feriepengar og sosiale kostnader	8 586	9 674	8 971	8 931	-703	-39	-7,3 %
Refusjonar løn	-389	-	-	-	-	-	0,0 %
Diverse personalkostnad	1 921	2 521	2 572	2 688	50	117	2,0 %
Reisekostnader	711	813	996	1 025	183	29	22,5 %
Sum løn og personalkostnader	22 300	27 880	25 758	26 512	-2 122	754	-7,6 %
Andre driftskostnader	167 280	186 396	203 836	211 991	17 440	8 155	9,4 %
Sum driftskostnader	189 589	214 275	229 594	238 502	15 318	8 909	7,1 %
Sum	-3 738	1 031	16 349	-	15 318	-16 349	

Budsjettframlegg for seksjonane i støtte:

Støtte	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
STADLEG LEIAR NORDFJORD	1 227	1 473	1 473	1 545		72	0,0 %
STADLEG LEIAR LÆRDAL	1 310	1 329	1 348	1 418	19	70	1,4 %
NYE FØRDE SJUKEHUS	70	- 48	- 48	- 64		- 16	0,0 %
IKT	158 081	177 669	195 212	203 489	17 543	8 276	9,9 %
KOMMUNIKASJONSAVDELING	2 952	3 556	3 554	3 572	- 1	18	0,0 %
STØTTE FELLES	24 440	29 267	28 055	28 543	- 1 212	488	-4,1 %
Sum	188 081	213 245	229 594	238 502	16 349	8 909	7,7 %

Budsjett aukar med 16,3 millionar kroner i høve budsjett for 2023. Prisjustering utgjer 8,9 millionar. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

Prisendringar (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-
Inntekter prisjustering	-
Lønnsjustering inkludert pensjon	754
Kostnader prisjustering	8 155
Basistilskot	-25 258
Sum prisengeringar	-16 349
Kompensasjon lønsoppgjer 2023 fordelt til avdelingane	-896
Helse Vest IKT	17 544
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2021	-299
Sum netto kostnader	-

IKT-avdeling

IKT-avdelinga er organisert under administrerande direktør og har fire stillingar; IKT-sjef, IKT sikkerheitsleiar, personvernombod og telemedisinansvarleg. I budsjettet er det lagt inn auke i IKT-kostnadene i 2023 som samsvarer med budsjett til Helse Vest IKT. Langtidsbudsjettet til Helse Vest IKT syner aktivitetsauke innan IKT-området, og føretaket vil få ein vidare kostnadsvekst i åra framover. I 2023 er noko av veksten knytt til Microsoft 365, auka fokus på IKT-trygleik, og tiltak på infrastruktur. Dei to store programområda HELIKS og Alle møter, går vidare i 2023.

Kommunikasjonsavdeling

Kommunikasjonsavdelinga har fire stillingar, kommunikasjonssjef og tre rådgjevarar.

Avdelinga tek del i fleire store prosjektarbeid. Utbygginga av Nye Førde sjukehus og stor etterspørsel etter interninformasjon rundt omstilling krev særleg merksemd og ressursar. Slutføringa av Livabygget med planlagt opning på ettersommaren/hausten 2024, vil medføre mykje kommunikasjonsarbeid i månadene vi står framfor.

I 2023 har avdelinga hatt store oppgåver med å bygge nye nettsider, både internt og eksternt. Det nye intranettet vart lansert 22. august. Bygginga av dei nye intranettsidene har skjedd som ein del av at alle føretaka i Helse Vest har gått over til ei skyløysing gjennom programvara M365. Skyløysinga gjer at medarbeidarane no har tilgang til intranett på mobile flater. Dei nye internettsidene vart lanserte 17. oktober, også dette etter omfattande arbeid mellom anna med skifte av publiseringsløysing. Begge nettsidene har blitt godt mottekne i organisasjonen.

Sjølv om dei nye nettsidene er lanserte, betyr det ikkje at dei er ferdig laga. Forvaltning og utvikling av digitale flater internt og eksternt vil skje kontinuerleg i åra framover.

I tillegg til det omfattande arbeidet med interne og eksterne kommunikasjonskanalar og Nye Førde sjukehus, erfarer vi òg at det er aukande ønskje og behov for hjelp til innhaldsproduksjon og formidling i dei andre avdelingane i føretaket.

Andre budsjettområder innan støtte er

Stadlege leiarar ved Nordfjord sjukehus og ved Lærdal sjukehus, tilsette i Nye Førde sjukehus, AD med stab, samt styret.

3.4 Fag og utviklingsavdeling

Fag og utvikling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-1 239	-1 120	-1 120	-1 169	-	-48	0,0 %
Basistilskot	-63 117	-63 524	-63 524	-67 177	-	-3 654	0,0 %
Øyremarka midlar	-2 672	-1 750	-1 750	-1 750	-	-	0,0 %
Andre inntekter	-5 842	-3 336	-2 825	-2 857	512	-33	-8,8 %
Sum driftsinntekter	-72 871	-69 730	-69 218	-72 953	512	-3 735	-0,7 %
Varekostnader	122	-	3	3	3	0	#DIV/0!
Løn til fast tilsette og vikarar	41 121	41 521	42 709	44 801	1 188	2 093	2,9 %
Variable tillegg og overtid	341	358	295	309	-63	14	-17,7 %
Feriepengar og sosiale kostnader	18 140	18 509	18 654	19 896	145	1 242	0,8 %
Refusjonar løn	-1 720	-740	-1 648	-1 728	-907	-81	122,6 %
Innleige av personell	1 242	1 482	1 262	1 324	-220	62	-14,8 %
Diverse personalkostnad	1 777	793	827	861	34	34	4,2 %
Reisekostnader	2 071	1 808	1 995	2 052	187	58	10,3 %
Sum løn og personalkostnader	62 972	63 730	64 093	67 516	363	3 423	0,6 %
Andre driftskostnader	7 619	6 001	5 283	5 435	-718	152	-12,0 %
Sum driftskostnader	70 713	69 730	69 378	72 953	-352	3 575	-0,5 %
Sum	-2 157	-0	160	-	160	-160	

Budsjettframlegg for seksjonane i avdelinga:

Tal utan basisramme:

Fag og utvikling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
SAMHANDLING			2 422	2 767	2 422	345	100,0 %
FORSKING OG INNOVASJON	16 147	19 238	18 756	19 633	- 482	878	-2,5 %
SENTER FOR KLINISKE FAGSYSTEM	15 018	15 459	15 458	16 215	- 1	758	0,0 %
KVALITET OG PASIENTTRYGGLIHK	12 410	13 027	12 670	13 426	- 356	756	-2,7 %
KOMPETANSE OG UTDANNING	5 940	5 856	5 671	5 964	- 185	293	-3,2 %
FAG OG UTV FELLES	11 444	9 943	8 706	9 171	- 1 237	465	-12,4 %
Sum	60 959	63 524	63 684	67 177	160	3 494	0,3 %

Budsjettframlegget til fag og utvikling syner ein auke på 160 000 kroner i høve budsjett for 2023. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-
Inntekter prisjustering	-81
Lønnsjustering inkludert pensjon	3 423
Kostnader prisjustering	152
Basistilskot	-3 654
Sum prisendringar	-160
Kompensasjon lønsoppgjjer	405
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-245
Sum netto kostnader	-

Fag og utviklingsavdelinga er organisert under AD som ei avdeling i stabsområdet og er leia av utviklingsdirektør. Avdelinga har brei portefølje knytt til både drift og kvalitetssikring, utvikling og endring. Brutto månadsverk er 63. Vi har ekstern finansierte stillingar i seksjon for kvalitet og pasienttryggleik, og i seksjon for forskning og analyse.

Avdelinga har fem seksjonar:

- Kvalitet og pasienttryggleik
- Kompetanse og utdanning
- Forsking og innovasjon
- Senter for kliniske fagsystem
- Seksjon for samhandling (ny i 2023)

Avdelinga har drifts-, kvalitetssikrings- og utviklingsoppgåver knytt til kvalitet og pasienttryggleik, pasientjournal, arkiv, forskning, innovasjon, utdanning/kompetanse og samhandling. Utviklingsdirektørs stab har oppgåver med tenesteutvikling, planlegging, prosjekt og sakshandsaming.

I 2023 vart det teke ned aktivitet/ressursar, mellom anna ved at nokre vakansar ikkje vart erstatta. Budsjettet for 2024 er i hovudsak ei vidareføring av aktiviteten, med ytterlegare reduksjon i årsverk for å tilpasse utgiftene til ramma. Dette som følgje av naturleg avgang/vakansar (ca. 100 prosent stilling). Trainee-stillinga vi har hatt frå Framtidsfylket for å støtte opp om innovasjonsarbeid, vart teken vekk i 2023, men tiltaket er vidareført for 2024. Innan forskning og innovasjon vert det ikkje lagt opp til noko opptrapping utover å ivareta dei pliktene vi har. Aktiviteten er tilpassa rammene.

Det er etablert ny seksjon for samhandling for å synleggjere området betre i Helse Førde. Etableringa har ikkje utløyst ekstra ressursar, desse kjem frå avdelinga ved at samhandlingssjef har vorte seksjonsleiar, praksiskonsulentane (no samhandlingslegane er lagt til seksjonen) og 50 prosent stilling som koordinerande eining er overført frå avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester i medisinsk klinikk.

Det er til ei kvar tid endring i arbeidsoppgåver for avdelinga. I 2023 har det vore høg aktivitet knytt til tenesteutvikling i prosjekt pasientens helseteneste, innføring av M365, Alle møter-programmet og opplæring og rettleiing i forbetningsmetodikk. Arbeidet vil halde fram i 2024. Tilpassingar til den nye strukturen for digitalisering er eit pågåande arbeid, mellom anna gjeld dette digitale løysingar innan område pasientbehandling. Støtte til kompetanseutvikling, støttesystem og innføringsprogram for lærlingar og studentar er ei anna prioritert oppgåve, medrekna samarbeid med utdanningssektoren. Strategi for kompetanseutvikling er under arbeid. I samhandlinga i helsefellesskapet med kommunane vil det bli arbeidd vidare med å revidere avtaleverket, og etablere tiltak for å samarbeide betre om prioriterte utsette grupper.

Utfordringsbilete 2024

Avdelinga har stramme rammer i forhold til breidda av oppgåver, og medarbeidarar har gjennom forbetningsundersøkinga gjeve uttrykk for at arbeidsmengda er for høg.

Det er ikkje funne rom for vidare vekst i forskingsaktiviteten, slik at tiltaka i vedteken strategi og handlingsplan må setjast noko på vent kommande år.

Eventuelle nye oppgåver må gjennomførast innanfor ramma ved stram prioritering.

Dei største risikoane er knytt til

- For lite ressursar til innføring og oppfølging av studentar, elevar og lærlingar, samstundes som forventningar og krav aukar. Utfordringa er knytt til å ta betre i bruk verktøyet kompetanseportalen til å etablere praksiskontor for lærlingar mv.
- Vurdere ytterlegare effektiviserande tiltak fortløpande.
- Sikre god HMS gjennom medviten prioritering av oppgåvene slik at den einskilde ikkje har for høg belastning.
- Nok kapasitet til å innføre og til å ta i bruk nye digitale løysingar (Alle møter, M365 mv.).
- Nok ressursar til å gje opplæring og god nok oppfølging av personell ute i klinikkane.

3.5 HR-avdeling

HR	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Basistilskot	-42 833	-45 467	-45 467	-48 234	-	-2 767	0,0 %
Andre inntekter	-1 221	-1 295	-1 295	-1 359	0	-63	0,0 %
Sum driftsinntekter	-44 055	-46 762	-46 762	-49 593	0	-2 831	0,0 %
Varekostnader	215	342	359	370	17	10	5,0 %
Løn til fast tilsette og vikarar	25 178	25 582	27 630	28 984	2 047	1 354	8,0 %
Variable tillegg og overtid	415	261	213	223	-48	10	-18,5 %
Feriepengar og sosiale kostnader	12 909	13 518	13 494	14 590	-24	1 096	-0,2 %
Refusjonar løn	-1 910	-694	-2 466	-2 587	-1 772	-121	0,0 %
Innleiing av personell	112	-	-	-	-	-	0,0 %
Diverse personalkostnad	4 081	4 307	4 360	4 567	53	207	1,2 %
Reisekostnader	714	739	663	683	-76	19	-10,3 %
Sum løn og personalkostnader	41 499	43 714	43 894	46 459	179	2 565	0,4 %
Andre driftskostnader	3 041	2 706	2 685	2 764	-21	79	-0,8 %
Sum driftskostnader	44 755	46 762	46 938	49 593	176	2 655	0,4 %
Sum	700	0	176	-	176	-176	

Budsjettframlegg for seksjonane i HR:

HR-avdeling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
BEDRIFTSELSETENESTE	1 005	911	911	1 190		280	0,0 %
LØNN OG PERSONAL	5 093	5 320	5 313	5 637	- 7	324	-0,1 %
PASIENTREISER	7 822	8 044	8 238	8 724	193	486	2,4 %
HR RÅDGJEVING	7 767	8 394	8 137	8 510	- 257	373	-3,1 %
RESSURS OG BEMANNING	6 117	6 706	6 696	7 035	- 9	339	-0,1 %
HR STAB OG TILLITTSVALDE	15 730	16 093	16 349	17 138	256	790	1,6 %
Sum	43 534	45 467	45 643	48 234	176	2 591	0,4 %

Netto syner budsjettframlegget for HR-avdelinga ein auke på 176 000 kroner i høve budsjett for 2023. Endringar kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	0
Inntekter prisjustering	-63
Lønnsjustering inkludert pensjon	2 565
Kostnader prisjustering	90
Basistilskot	-2 767
Sum prisendringar	-176
Kompensasjon lønsoppgjjer	295
Kjøp av psykologi tenester BHT	50
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-169
Sum netto kostnader	-

HR-avdelinga har ei brei portefølje knytt til ulike område innan HR-fagfeltet. Avdelinga har per oktober 2023 54 årsverk.

Avdelinga har fem seksjonar:

- HR rådgjeving
- Løn og personell
- Arbeidstid
- Bedriftshelseteneste

- Bemanningssenter

I tillegg ligg sjukehusprest og tillitsvalde/verneombod i HR-direktør sin stab/portefølje. HR har eit særskilt ansvar for å støtte leiarane i tilsetjing, utvikling og oppfølging av medarbeidarar. Strategisk sett vil HR ha fokus på HR-politikk, tariffområde, juridiske problemstillingar, rådgjeving og drift. Det området som vil få mest fokus i 2024 er omstillingsprosessar knytt til innflytting i Livabygget, samt oppfølging av tiltak knytt til rekrutteringsstrategien.

Budsjett 2024

HR sitt budsjett for 2024 syner ei nær lik ramme som for 2023. Ramma i 2023 har vore krevjande å styre som følgje av auka kostnader til personalforsikringar og bemanningsplanlegging. Dette vil følgje også inn i 2024. Aktivitetsnivået vil elles vere likt som i 2023.

Utfordringsbilde knytt til 2024

AD ønskjer auka bruk av bemanningssenteret, og fleire vikarar knytt til korttidsfråvær. Dette vil ikkje gje innsparingar i HR, men vil kunne gje vinstar knytt til både økonomi og kvalitet i avdelingane ute i drifta. Det er framleis sjukepleiarar som vert henta inn som vikarar i bemanningssenteret, men i 2023 har vi også forsøkt oss med eit par helsefagarbeidarar med førebels gode erfaringar.

HR vil óg i 2024 sjå på bruk av ressursar på tvers av seksjonar for å kunne vurdere eventuelle synergjar og gevinstrealisering. Innsparingskrav gjer at driftskostnadene må reduserast, i hovudsak då knytt til lågare reiseaktivitet og meir bruk av videoutstyr.

HR arbeider for meir bruk av elektroniske løysingar knytt til driftsrelaterte oppgåver, inkludert bruk av robotiserte tenester. Dette gjeld til dømes innan kommunikasjon, innsending av dokumentasjon, søknader og krav mot NAV. Dette vil effektivisere drifta endå meir enn i dag.

3.6 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-	-21	-30	-31	-9	-1	44,9 %
Basistilskot	-37 238	-39 998	-39 998	-42 054	-	-2 056	0,0 %
Andre inntekter	-579	-69	-34	-36	35	-1	-50,5 %
Sum driftsinntekter	-37 817	-40 088	-40 062	-42 120	26	-2 058	-0,1 %
Varekostnader	-320	608	667	683	59	16	9,8 %
Løn til fast tilsette og vikarar	15 791	18 173	18 782	19 702	609	920	3,3 %
Variable tillegg og overtid	1 704	1 842	1 508	1 582	-334	74	-18,1 %
Feriepengar og sosiale kostnader	7 347	8 522	8 219	8 765	-303	546	-3,6 %
Innleige av personell	-726	-80	-218	-229	-138	-11	171,8 %
Diverse personalkostnad	962	300	294	307	-6	12	-1,9 %
Reisekostnader	251	353	313	322	-40	9	-11,3 %
Sum løn og personalkostnader	25 329	29 110	28 898	30 449	-212	1 551	-0,7 %
Andre driftskostnader	9 818	10 280	10 424	10 915	145	491	1,4 %
Sum driftskostnader	34 827	39 998	39 990	42 047	-8	2 058	0,0 %
Sum finans	80	90	73	73	-17	-	-18,9 %
Sum	-2 910	-0	1	-0	1	-1	

Budsjettframlegg for seksjonane i avdelinga:

Tal utan basisramme:

Økonomiavdeling	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (i 23 kr.)	Budsjett 2024	Endring B24-B23	Prisendring B24-B23	Endring i prosent
FORSYNING HF	7 681	11 611	11 455	12 063	- 157	608	-1,3 %
REKNESKAP	10 049	10 289	10 289	10 820		532	0,0 %
ØKONOMI FELLES	16 598	18 098	18 255	19 171	157	916	0,9 %
Sum	34 329	39 998	39 998	42 054	1	2 055	0,0 %

Budsjettframlegget til økonomiavdelinga syner ein auke 1 000 kroner i høve budsjett for 2023. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2023	-
Inntekter prisjustering	-2
Lønnsjustering inkludert pensjon	1 551
Kostnader prisjustering	507
Basistilskot	-2 056
Sum prisendringar	-1
Kompensasjon lønsoppgjjer	196
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2023	-195
Sum netto kostnader	-

Økonomiavdelinga har ansvar for rekneskap, budsjett, innkjøp og lager, samt inntektssikring ved rett medisinsk koding. Avdelinga skal syte for at leiinga får god styringsinformasjon på økonomiområdet. Vidare er avdelinga ei serviceavdeling som skal hjelpe resten av organisasjonen til å få dei varene dei treng til drifta, og betre forståinga av økonomiske samanhengar i drifta.

Endring frå 2023 til 2024

Ein arbeider kontinuerleg med å forbetre arbeidsprosessane som følgje av innføringa av SAP. Som følgje av dette har vi i 2024 redusert budsjett knytt til personalkostnader, då vi forventar effektivisering.

Vidare skal vi fortsetje arbeidet med å bygge kompetanse, og gjennomføre generasjonsskifte hos DRG-controllarar. Målsetninga er jamnare arbeidsbelastning og dermed mindre bruk av overtid.

Utfordringsbilde knytt til 2024

- Kontinuerleg fokus på forbetring som følgje av innføring av SAP. Dette påverkar spesielt forsyning og rekneskap.
- Opplæring av nytilsette og tilpasse drifta til SAP.
- Forsyning – organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i samband med at vi skal ta i bruk Livabygget.

4 Bemanningsplan 2024

Endring i netto månadsverk

Netto månadsverk	Snitt 2022	Budsjett 2023	Snitt 2023	Budsjett 2024	Endring B24-Snitt2023	Merknad
Fag og utvikling	54,4	62,8	51,4	51,9	0,5	Koordinator LIS legar
HR-avdeling	40,1	47,7	42,6	42,2	-0,4	Effektivisering og automatisering
Støtte	18,5	22,5	20,1	20,1		
Økonomiavdeling	27,7	33,6	27,5	27,4	-0,15	Libra nedtak 0,15
Sum stabsområde	140,7	166,6	141,6	141,6	-0,1	

Snitt t.o.m. november

Det er planlagt nær uendra bemanning i stabsområdet i 2024.

5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunkta i samband med budsjettprosessen i stabsområde.

Datoar for budsjettarbeid 2024		
Dato	Deltakarar	Tema
28.03.2023	Utdeling av rammes for åra 2024-2028	Utdeling av rammes for åra 2024-2028
04.07.2023	Avdeling og seksjonsleiarar, verneombod og tillitsvalde	Utsending av førebels rammes for budsjett 2024
14.08.2023	Avdelingsmøte FAU med Leiing, stab, verneombod og tillitsvald	Gjennomgang av føringar for budsjett, prosess og status i arbeidet i FAU (Anne Kristin Kleiven)
19.09.2023	Avdeling og seksjonsleiarar	Utsending av rammes for budsjett 2024
04.10.2023	Seksjon for forskning og innovasjon	Gjennomgang av budsjett for FOI i seksjonen v/Guro Mjanger. Tillitsvald og verneteneste var invitert, men måtte prioritere andre møter.
04.10.2023	Leiar Seksjon for samhandling, vernetenesta og tillitsvalte	E-post til vernetenesta og tillitsvalte (Hove og Rambjørg) med invitasjon til møte. Dei såg ikkje behov for eige møte. Tilsette informerte om budsjett 161023.
17.11.2023	Direktør, tillitsvalde og verneombod HR	Møte om budsjett og handlingsplan for 2024
24.11.2023	Leiing, tillitsvalde og hovedvernombod	Informasjon om budsjett for avdelingane i stabsområde
24.11.2023	Leiing, tillitsvalde og hovedvernombod	Drøfting av budsjett 2024 for stabsområde

----- O -----